



Margrethe og Stian Sivertsen
Galtenesvegen 118
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1516 - 14/4739

Saksbehandlar:
Erik Knag Johannesen
erik.knag.johannesen@meland.kommune.no

Dato:
31.03.2014

OPPARBEIDING AV KOMMUNAL GRUNN

Viser til tidlegare brev herfrå av 07.01.2014, Dykkar brev datert 05.02.2014, 12.03.2014 og e-post frå Bjørn Thommassen 25.03.2014.

Det er grunn til å minne om at problemstillinga kring opparbeiding av kommunal grunn ikkje er ein del av byggesaka. Faktum her dreier seg om ulovleg bruk av annan manns grunn. I dette tilfellet er det kommunens eigedomsrett som vert krenka.

Saka gjeld opparbeiding og bruk av eigedommen GBnr. 23/180. Kommunen blei klar over saka etter e-post frå Inge Smelvær og Lisbeth Sundal datert 24.04.2013. Denne ligg vedlagt til Dykkar orientering.

Det er gjort undersøkingar, og grensene mellom Dykkar eigedom GBnr. 23/221 og kommunens eigedom GBnr. 23/180 er blitt påvist og markert. Det vart då klart at opparbeida areal strekk seg over GBnr. 23/221 og inn på GBnr. 23/180. Opparbeidinga som er gjort synast å vere høgdejustering, masseutskifting og legging av asfalt.

Når det gjeld tilkomst til for Dykkar eigedom, skal denne iføljje reguleringsplanen ha rett til «kjørbar gangveg» over GBnr. 23/180. Dette ble i kommunens brev av 07.01.2014 påpeika. Det blei også lagt ved utsnitt av reguleringskart, som tydeleg viser kva som er veg og kva som er friområde.

Det kan ikkje være tvil om at Dykkar opparbeiding og bruk av delar av GBnr. 23/180, ikkje er i samsvar med den retten som følgjer av reguleringsplanen. Bruken er derfor ulovleg då den går ut over dei rettar som er gitt, og krenker kommunens eigedomsrett.

De vart i brev av 07.01.2014 gjeve alle dei opplysningar som var naudsynt for å ivareta Dykkar tarv i saka. Vidare vart det gitt ein frist på 4 veker til å etterkomme krav om tilbakeføring av areal.

Kommunen kan ikkje sjå at kravet er teke til følgje, eller at det ligg føre gode grunnar som skulle tilsei at at kravet var urimeleg.

De varslast derfor om at kommunen utan ytterlegare varsel vil kunna tilbakeføre kommunalt areal, slik at det bli i samsvar med reguleringsplan. Kostnadene med dette vil bli krevd dekket av Dykk.

De står fritt til å utbetre situasjonen sjølv innan kommunen startar opp arbeidet.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Erik Knag Johannesen
bygg- og eigedomsforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20140401134132

Mottakere:

Margrethe og Stian Sivertsen

Galtenesvegen
118

5918

FREKHAUG